

# Eksamen

13.11.2019

HEA2001 Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

**Programområde:** Helsearbeiderfag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Drøfte samanhengen mellom levekår og livskvalitet, og prøve ut aktivitetar som fremmer helse og trivsel</li><li>• Gjere greie for prinsippa for og demonstrere grunnleggande sjukepleie</li><li>• Gjere greie for dei vanlegaste teikna og symptoma på sjukdommar og skader og kjenne att sjukdomsforverring</li><li>• Vurdere behovet for ulike hjelpemiddel og velferdsteknologi som bidreg til sjølvstendigheit, og som held oppe funksjonar i dagleglivet</li></ul>

## Oppgåve

Magnhild Bjerre er 63 år. Ho er gift og bur i ein tilrettelagd einebustad med mannen sin. Dei har tre barn og sju barnebarn. Den eine dottera bur med familien sin i utlandet.

Magnhild fekk for fleire år sidan påvist ALS. Dei siste åra har ho stadig blitt dårlegare. No er hun mest sengeliggande, men klarer å sitte litt oppe kvar dag. Ho slit med å tygge, svelge og snakke, og får i periodar sondeernæring.

Magnhild er innvilga eit 3 veker langt opphald på korttidsavdelinga der du jobbar som helsefagarbeidar. Mannen trong litt ferie, og har dratt for å besøke dottera som bur i utlandet.

Magnhild er sosial og liker å vere saman med andre, og etter at ho slutta å arbeide, brukte ho mykje av tida si på frivillig arbeid. Det klarer ho ikkje lenger. Ho seier at ho føler seg mykje åleine, og at ho opplever redusert livskvalitet.

Du har fått primæransvar for Magnhild under dette opphaldet.

- a) Beskriv ALS og dei vanlegaste teikna og symptoma på denne sjukdommen.
- b) Kva meiner vi med prinsippa for grunnleggande sjukepleie?
- c) Gjer greie for dei prinsippa for grunnleggande sjukepleie som det er naturleg å bruke i hjelpa du gir Magnhild.
- d) Drøft og gi eksempel på korleis du som helsefagarbeidar kan legge til rette for aktivitetar som kan fremme helse og trivsel, og slik bidra til auka livskvalitet for Magnhild.
- e) Vurder behovet for ulike hjelpemiddel og velferdsteknologi som kan halde oppe nokre funksjonar hos Magnhild og slik bidra til auka eigenomsorg.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Drøfte sammenhengen mellom levekår og livskvalitet, og prøve ut aktiviteter som fremmer helse og trivsel</li><li>• Gjøre rede for prinsippene for og demonstrere grunnleggende sykepleie</li><li>• Gjøre rede for de vanligste tegn og symptomer på sykdommer og skader og gjenkjenne sykdomsforverring</li><li>• Vurdere behovet for ulike hjelpemidler og velferdsteknologi som bidrar til selvstendighet, og som opprettholder funksjoner i dagliglivet</li></ul>

## Oppgave

Magnhild Bjerre er 63 år. Hun er gift og bor i en tilrettelagt enebolig med mannen sin. De har tre barn og sju barnebarn. Den ene datteren bor med familien sin i utlandet.

Magnhild fikk for flere år siden påvist ALS. De siste årene har hun stadig blitt dårligere. Nå er hun mest sengeliggende, men klarer å sitte litt oppe hver dag. Hun sliter med å tygge, svelge og snakke, og får i perioder sondeernæring.

Magnhild er innvilget et 3 uker langt opphold på korttidsavdelingen hvor du jobber som helsefagarbeider. Mannen trengte litt ferie, og har dratt for å besøke datteren som bor i utlandet.

Magnhild er sosial og liker å være sammen med andre, og etter at hun sluttet å arbeide, brukte hun mye av tiden sin på frivillig arbeid. Det klarer hun ikke lenger. Hun sier at hun føler seg mye alene, og at hun opplever redusert livskvalitet.

Du har fått primæransvar for Magnhild under dette oppholdet.

- a) Beskriv ALS og de vanligste tegnene og symptomene på denne sykdommen.
- b) Hva menes med prinsippene for grunnleggende sykepleie?
- c) Gjør rede for de prinsippene for grunnleggende sykepleie som det er naturlig å bruke i hjelpen du gir Magnhild.
- d) Drøft og gi eksempler på hvordan du som helsefagarbeider kan legge til rette for aktiviteter som kan fremme helse og trivsel, og slik bidra til økt livskvalitet for Magnhild.
- e) Vurder behovet for ulike hjelpemidler og velferdsteknologi som kan opprettholde noen funksjoner hos Magnhild og slik bidra til økt egenomsorg.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)